

FOLK i Ryfylke 1/88



RFO

FOLK 1/88 i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

ryfylkemuseet



Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgivar: Ryfylkemuseet

4230 Sand

Telefon (04) 79 73 77

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem med to nummer i året.

Abonnementprisen for 1988 er kr 85,-.
og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet.

Postgirokonto 5 66 29 11

Bankgirokonto 3202.07.01527

Sats, repro, trykk og innbinding:

Allservice A.s, Stavanger


Tilrettlagt av Dreyer Bok, Stavanger

ISSN 0800-4692 FOLK I RYFYLKE

Omslagsbildet er tatt i ein komplisert fase av rehabiliteringsarbeida på Nesa-sjøhuset. Huset er her under oppjekking og solide konstruksjonar er sette opp for å ta vekta av huset etterkvar som det hevar seg frå dei tidlegare fundamenta. Dei som kikkar ut gjennom byggverket er den ansvarlege tømraren Helge Husevåg, i midten, saman med Arne Hoffmann, til venstre, og Rolf Skjelstad frå arkitektkontoret Ark 117.

Når ikkje anna er nemnt er fotografia i dette heftet tatt av Gaute Nilsen eller Roy Høibo ved museet. Framkalling og kopiering er utført av Gaute Nilsen.





Innhold

- 5 Redaksjonelt
- 7 Årsmelding 1987
- 33 Rekneskap 1987
- 35 Ryfylkemuseet legg planar
- 49 Bøker og hefte frå Ryfylkemuseet
- 51 Annonser

Blant dei sakene museet har engasjert seg i dette året er eit forsøk på å bevare Hium-saga på Sand, den første og også den siste av dei tradisjonelle sagene på strandstaden. Dessverre lukkast det ikkje å få tilslutning til ønske om å bevare saga, og området der ho står er nå regulert til hotelltomt.

Rehabiliteringa av Nesa-sjøhuset er det største enkelttiltaket museet har arbeidd med i år. Her vil det bli fine lokale både for publikum og tilsette når museet ein gong får pengar til å innreie huset. Førebels rekk pengane berre til å setta huset i stand utvendig.



Redaksjonelt

Årsmeldingane til Ryfylkemuseet har nesten kvart år kunna melde om stor framgang og større aktivitet enn året før. Slik er det til gangs også i år.

Men dei siste åra har og ei aukande bekymring gjort seg gjeldande i desse meldingane. Om mangelen på vidare vekst i driftsbudsjettet, om mangelen på nye stillingar og om mangelen på lyse utsikter. I år kjem desse bekymringane klart til uttrykk i årsmeldinga, og dei tek til å få praktiske konsekvensar. M.a. har vi ikkje råd til å sende ut så fyldige nummer av tidsskriftet vårt som vi har gjort tidlegare. I dette nummeret er det såleis ikkje blitt plass til anna enn årsmelding og rekneskap og ei orientering om det planarbeidet som styret har sett i gang.

Museet har møtt veggen. Det er vel det dei gjer maratonløperane og. Når ein er som sikrast på at målet er innan rekkevidde og fylkeskommunen brått trekker teppet ned. Det er da det tek til å butte alvorleg i mot.

Nå skal ikkje vi legge all skuld på fylkeskommunen. Og slett ikkje i tilknyting til ei årsmelding der vi kan melde om rekordstor aktivitet og om opprettning av ein ny, halv stilling for kontorassistent.

Men på viktige område ser vi nå at vi ikkje får det til, og meldingane frå fylkeskommunen gjer at vi heller ikkje lenger har noen særlig tru på at vi skal få det til i framtida. Det gjeld bygningsvernet, det gjeld folkemusikkarkivet, det gjeld utvidinga av

museumsarbeidet til nye kommunar i Ryfylke og det gjeld utvidinga av arbeidet til nye grupper blant befolkningen.

Vi er i ferd med å miste trua på dei føresetnadene arbeidet vårt bygger på, og som vart nedfelt i fylkeskulturplanane frå 1978 og 1983, og ikkje minst i den avtalen som blei inngått mellom museet og fylkeskommunen i 1981 om å gjera om Rogaland Folkmuseum til regionmuseum for Ryfylke. Som på mange andre område ser det ut til at det også for vårt område er slik at fylkeskommunen ikkje greier å løyse dei oppgåvne fylkeskommunen har tatt på seg.

Dette er bakgrunnen for at museet legg mye arbeid i å legge planar og gå inn i samarbeid med andre partar enn fylkeskommunen, og da først og fremst kommunane i Ryfylke. Lukkast våre invitasjonar til samarbeid vil det skape nye føresetnader for vidareføring av arbeidet, og det vil kanskje endatil vera nødvendig å formulere nye mål.

Vi håper dei endringane som må komma kan gjennomførast utan at vi må avslutte eller avbryte dei vellukka tiltaka vi har fått til. Men heilt umerkande kan det ikkje gå føre seg at inntektene knapt nok held følgje med prisstiginga. Tidsskriftet vårt må anten slankast ytterlegare, eller medlemmane må betale dobbelt så høg medlemskontingent. Dette er blant dei spørsmåla som vil bli drøfta på årsmøtet 7. april. Vel møtt!

*I arbeid med den siste boka frå Ryfylkemuseet: Hjelmeland —
Bilete frå farne år, som var gitt ut i samarbeid med Hjelmeland
kommune og Dreyer Bok. Frå vestre Njål Tjeltveit, kultursjef i
Hjelmeland, Trygve Brandal, bygdebokskrivar i Hjelmeland og
Gaute Nilsen frå museet.*



Årsmelding 1987

Vi har hatt auke i medlemstalet, større publikumstilstrøyming enn nokon gong, fleire folk på lønningslistene og det største innkjøpet av varer og teneester i museet si soge. Viktige restaureringsarbeid er i gang, det blir arbeidd med interessante planar for den vidare utviklinga av museet og vi ser kontu-

rane av samarbeidsformer som kan gi Ryfylkemuseet ein framskoten plass både i den regionale forskinga og i utviklinga av ein kulturbasert turisme.

Det kan vera grunn til å sjå vår verksemد i lys av den nye interessa for kultur som regional utviklingsfaktor.

Medlemsauken har halde fram i 1987. Men han er ikkje stor nok til å nå målet om eit sjølvfinansiert tidsskrift for museet. Publikumsauken har vore svært gledeleg, men det er framleis små tal for besøk ved museet vårt. Vi har hatt heile 19 personar på lønningslistene våre dette året, men manglar framleis nøkkelpersonale for å kunne ivareta heilt grunnleggande funksjonar ved museet.

Utbygginga av bygningssamlinga har måtte stoppe heilt. Tilveksten av gjenstandar er liten. Etableringa av folkemusikkarkivet har gått omtrent i stå etter at det var slutt på dei første, glade løyvingane.

Men vi produserer mange og fine bøker og andre publikasjonar, vi driv ei utoverretta verksemد også på andre område som vi kan vedkjenne oss, vi driv ei systematisk innsamling av intervjuemateriale og fotografi frå Ryfylkebygdene og det går framover med ordninga av materialet vårt. Vi driv med eit omfattande og mangesidig plan- og utgreiingsarbeid


som vi håper skal føre til interessante resultat på lengre sikt.

Det er såleis ei årsmelding med både sorger og gleder vi kan legge fram for 1987. Samla sett tykkjer vi at vi kan vise til eit rimeleg bra resultat av dei midlane som blir stilte til rådvelde for verksemda vår, men det må bli svært mye ugjort i museums- og kulturværnarbeidet i Ryfylke med den storleiken som løyvingane til slike formål har. Det uroar oss derfor sterkt at fylkeskommunen ikkje lenger ser ut til å vera i stand til å følgje opp dei måla fylkeskommunen sjølv har sett med ein rimeleg vekst i løyvingane.

ÅRSMØTET

Årsmøtet blei halde på Sand 2. april. Det møtte 33 medlemmar.

Både årsmeldinga og rekneskapen blei godkjent slik dei låg føre, men under handsaminga av forslaget til budsjettsøknad for 1987 blei det eit mindre



I samarbeid med Suldal kommune og Vestlandsverka har museet utvikla planar for eit vassdragsmuseum i Suldal. Sentralt i planane står reising av eit visnings- og utstillingssbygg på Suldalsosen. Her blir plass til visning av filmar og lysbildeprogram om den moderne vasskraftutbygginga og utstillingar om anleggsarbeid og utnytting av vasskrafta. Opp mot alt dette moderne er det meinings å setta tradisjonell utnytting av heieområda og vassdraga. Teikning: Per Fremmersvik, Kon-Sul A/S.

ordskifte om vedlikehaldsproblema ved museet og om saknet av ein handverkar.

Etter at årsmøtesakene var ferdige var det kaffe og foredrag av førstekonservator Egil Harald Grude, Stavanger Museum, om det norske Amerika.


MEDLEMMANE

Museet har ved utgangen av året 493 medlemmar. Det er 35 fleire enn i fjor. I tillegg har museet 50 abonnentar på tidsskriftet FOLK i Ryfylke. Medlemanne fordeler seg slik på dei ulike kommunane og museumslaga (tala for 1986 i parantes):

Sauda	69 (70)
Suldal	219 (204)
Suldal museumslag	40 (39)
Jelsa museumslag	23 (27)
Sand museumslag	142 (123)
Erfjord museumslag	14 (15)
Hjelmeland	57 (56)
Andre	148 (128)
Sum	493 (458)

Av oppstillinga går det fram at det er ei viss rørsle i medlemsmassen, men dessverre ikkje eintydig i positiv lei. På Sand og blant folk som bur utanom Ryfylke-regionen har det vore ein rimeleg bra tilvekst av nye medlemmar. I Sauda og i Hjelmeland har medlemstalet halde seg nokså stabilt dei siste åra.

Dette kan ha samanheng med vekslande aktivitet



i dei ulike museumslaga, og med ulikt engasjement omkring dei oppgåvane det har vore arbeidd med. Den viktigaste konsekvensen for museet ser ut til å vera at vi ikkje når dei måla vi sette oss for medlemsstalet. Dette har betydning for finansieringa av tidsskriftet vårt, slik vi har gjort greie for i den redaksjonelle kommentaren fremst i dette nummeret.

STYRET

Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

Frå Hjelmeland:

Ola Meltveit (attval)

til 1989

Kaare Jordal

til 1988

Varamedlem: Åse Jensen (attval)



Styret på synfaring på Hustveit i Sauda. Tilfellet ville at to av varamedlemmene denne gongen møtte for dei faste medlemmane av styret. Frå venstre: Åse Jensen, Hjelmeland, Borghild Moe, Suldal, Olav I. Oftedal, Sauda, Anne Marie Brekke, Sauda, Børge Skeie, Suldal og Ola Meltveit, Hjelmeland.

Frå Suldal:

Børge Skeie (attval)

til 1989

Ommund Berge

til 1988

Varamedlemmar:

1. Borghild Moe (attval)

2. Gunnvor Bakka (attval)

Frå Sauda:

Anne Marie Brekke (ny)

til 1989

Olav Oftedal

til 1988

Varamedlem:

Lars Viland (ny)

Oppnemnd av Rogaland fylkeskommune:

Arne Tønnesen

Varamedlem:

Bente Thurmann-Nielsen



«Eit forhold som dessutan har bekymra styret svært er vedlikehaldet av bygningsmassen til museet». Bildet viser Midtstølen under Kolbeinstveit, der løa har ramla ned.

Valnemnd til årsmøtet i 1988:
Aslaug Astad, Sauda (ny)
Ola Hauge, Suldal (attval)
Knud O. Staurland, Hjelmeland (attval)

Styret har hatt 4 møte i meldingsåret og behandla 25 saker. Det er omlag som det har brukt å vera dei siste åra.

Utanom økonomi- og personalsaker har styret arbeidd særleg med den vidare utviklinga av museet. Etter eit seminar seinhaustes 1986 har styret utarbeidd eit forslag til ein utviklingsplan for museet som er sendt ei rekke samarbeidspartnerar for uttale. Hovudtankane i denne planen er gitt særleg omtale på annan plass i dette nummeret av FOLK i Ryfylke.

Eit forhold som dessutan har bekymra styret svært er vedlikehaldet av bygningsmassen til museet, og ein har ved fleire høve drøfta problemet. Ved utgangen av året har ein signal som gjer at ein har

tru på at det skal vera råd å få til ei løysing i løpet av det året ein nå står føre. Kva styret elles har hatt føre seg vil gå fram av den vidare omtalen av dei enkelte arbeidsområda til museet.

PERSONALET

Etter å ha søkt om nye stillingar i fem år fekk museet frå 1. januar 1987 oppretta ein halv stilling for kontorassistent. Frå denne tid har det såleis vore 2 1/2 faste stillingar ved museet. I tillegg har det også i år vore råd å engasjere ekstrahjelp, særleg som konsulent ved folkemusikkarkivet, slik at vi jamnt over har hatt 4 personar i arbeid ved museet.

Desse har vore tilsette eller engasjerte ved museet i meldingsåret:

Roy Høibo, konservator og styrar

Gaute Berge Nilsen, museumsassistent

Vigdis Nerheim, kontorassistent i 1/2 stilling, 1/1-20/9, deretter fødselspermisjon

Bjørg Jorunn Myhre, kontorassistent i 1/2 stilling, vikariat, 21/9-31/12, dessutan timeløna ekstrahjelp 17/8-31/12

Ruth Anne Moen, konsulent ved folkemusikkarkivet, 2/3 stilling, 1/1-30/6, 1/5 stilling, 1/7-31/12

Eldbjørg Møgedal, reingjeringsassistent på sjøhuset, 1/1-8/11

Gro Fremmersvik, reingjeringsassistent på sjøhuset, 9/11-31/12


Valborg Berge, Sigrun Jensen og Ester Marie Bakka, sesongvask på Kolbeinstveit

Hjelmeland Bondekvinnelag, sesongvask på Viga
Maria Nielsen, vakt på sjøhuset, 1/1-2/8

Ann Kristin Nilsen, vakt på sjøhuset, 3/8-31/12

Øystein Randa, tilsynsmann på Viga

Kari Furre, tilsynskvinne på Barkeland



Albert Moe er tilsynsmann for Kvednahola. Her er han i arbeid med å tørke malt til ølstrygging for ein «kunde». Dessverre kunne vi ikkje male maltet, da kallen under kverna er roten og ikkje brukande meir. Foto: Jan Møgedal.

Sigurd Foss, tilsynsmann for Kvednahola, 1/1-30-6

Albert Moe, tilsynsmann for Kvednahola, 1/7-31/12

Ommund Berge, tilsynsmann for Kolbeinstveit

Gudrun Bårdsen, timeløna ekstrahjelp ved oppmåling

Roy Høibo har deltatt i museumsleiarmøte i Egersund og Haugesund, i eit museumsmøte med Fylkeskultursjefen på Bryne, på ein nordisk konferanse om gjenstander og museum på Lillehammer og på det årlege fagseminaret for etnologar. Med støtte frå Suldal kommune har han deltatt i eit forskingsseminar i Oslo i mars og i ein konferanse om kultur som regional utviklingsfaktor på Hamar i november. Han har dessutan vore nemnt opp av Fylkeskulturstyret som medlem av eit kulturminneutval som la fram innstillinga si i juni, han er nemnt opp av Kultur- og vitskapsdepartementet som medlem av Bunads- og folkedraktrådet og han er medlem i styret for Stiftelsen Norsk Landbruksmuseum og i kulturutvalet til Ryfylkerådet.

Gaute Berge Nilsen har deltatt på eit seminar om Ryfylke-kulturen som Ryfylkerådet skipa til i Sauda, på årsmøtet til Norsk museumspedagogisk forening i Sogndal, eit museumsmøte som Fylkeskultursjefen bad inn til på Bryne, årsmøtet til NKKM på Lillehammer og eit seminar om friluftsmuseum i Oslo.

Ruth Anne Moen har deltatt på årsmøtet til Norsk Folkemusikklag og eit tilhørande seminar om opplæring i folkemusikk og folkedans i Bergen og på ein fagleg konferanse for folkemusikkarkiv i Trondheim.

Tilsaman har museet hatt 19 personar på lønningslistene dette året. I tillegg har vi engasjert ei rekke personar i dei bedriftene som har fått opp-

drag i samband med byggearbeida i Sauda og på Sand. Vi har fått utført ein del transportoppdrag, og har kjøpt andre varer og tenester for etter måten store beløp. Det meste av desse pengane er tilført distriktet utanfrå. Meir kunne brukast her om distriktet hadde hatt betre tilbod på tenesteytande næringer. Eit museum er såleis ikkje utan betydning som økonomisk utviklingsfaktor i eit distrikt.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Etter noen års stagnasjon hadde museet ei gledeleg utvikling ved inngangen til dette året, da det vart oppretta ny, halv stilling for kontorassistent. Det var ein stilling vi hadde søkt om lenge, og som vi har sett på som heilt nødvendig for å få løyst dei administrative oppgåvene ved museet rimeleg effektivt.

Samtidig med tilsetting av kontorassistent i fast stilling tok vi over rekneskapsføringa sjølve. Rekneskapen var tidlegare ført ved eit eksternt rekneskapskontor. Rekneskapsføringa har ikkje vore aldeles upproblematiske, da vi har hatt ymse innkjøringsproblem, men i samarbeid med Fylkesrevisjonen håper vi å ha løyst desse ved utgangen av året. Det vil elles gå fram av kommentarane frå Fylkesrevisjonen kor godt vi har greidd å løyse problema.

I tillegg til dei midlane som var knytt til den nye stillingen fann fylkeskommunen også rom for ein mindre volumauke frå 1986 til 1987. Ryfylkemuseet er likevel det av dei etablerte regionmusea som får minst driftstilskott frå fylkeskommunen, berre det nye Jærmuseet får mindre.

Utsiktene til noen endring i dette ser ut til å vera små. I 1988 vil vi få eit driftstilskott på 952.000 kroner. Det er ein auke på vel 50.000 frå 1987. Halvparten av dette vil gå med til å betale leige for fylkes-



Museet må nå seia nei takk til dei fleste tilbod om å innlemme nye bygningane i samlingane. Blant dei bygningane som er vurderte er den svært interessante hovedbygningen på Bjørklund på Ropeidhalvøya.

kommunen si samling på Barkeland. Ryfylkemuseet sit såleis att med ein auke i driftstilskottet på 2,9%. I tillegg vil museet få kompensasjon for eventuell lønsauke i budsjettperioden, men ein vil ikkje halde følge med den forventa prisauken på varer og tenester.

Problema for den ordinære drifta av museet vil såleis framleis vera stor, og vi kan ikkje rekne med noen auke i driftstilskottet frå fylkeskommunen dei

nærmaste åra. Dette har gjort at styret har funne det nødvendig å rette fleire oppmodingar til kommunane i Ryfylke om å bli med på ei drøfting av arbeidsmåten og det økonomiske grunnlaget for museet. Svara på desse oppmodingane har ikkje vore overveldande, men det er ei nøktern forståing av problema i dei tre kommunane museet til nå har vore mest aktiv i.

Utanom det ordinære driftsbudsjettet har museet i år hatt ein større aktivitet enn noen gong. Til omframme tiltak er det brukt ca. 1,6 mill. kroner, men da har vi også brukt alle dei omframme tilskotta vi

har fått i år og dessutan overførte løyvingar frå tidlegare år.

Med dette har vi m.a. komme langt på veg i arbeidet med å skaffe museet eigne og tidhøvelege lokale for dei sentrale funksjonane på Sand, men etter påtrykk frå Suldal kommune er det nå meininga at det skal byggast eit mindre museumsbygg på Kolbeinstveit i Suldal før ein får gje desse lokala klare for innflytting.


TILVEKST

Ryfylkemuseet er det største bygningsmuseet i Rogaland, og hadde ved inngangen til dette året 51 antikvariske bygningar. Underveis har vi fått fleire tilbod om bygningar til samlingane, men styret har utan unnatak funne å måtte seia nei takk til desse tilboda.

Størst arbeid er lagt ned i vurderinga av Hustveitunet i Sauda, der forholda ligg godt til rette for å ta vare på både noen av dei gamle husa på garden, det meste av det opprinnelige inventaret i hovudbygningen og kulturlandskapet kring husa. Museet ser mange positive sider ved dei utvegane som ligg føre på Hustveit, og har sagt seg villig til å hjelpe til i det vidare arbeidet for om mulig å få tatt vare på anlegget, men har i første omgang tatt atterhald når det gjeld det økonomiske ansvaret for å realisere prosjektet.

Museet har likevel fått ein tilvekst på eitt hus i år, og det gjeld den gamle klesstampa på Kvæstad i Suldal. Under ei tilfeldig synfaring på staden kom det fram at eit tidlegare styre for museet har gjort avtale

Museet vil få funksjonelle og trivelege lokale når rehabiliteringa av Nesa-sjøhuset blir ferdig. Dessverre har vi førebels ikkje pengar til anna enn å setta huset i stand utvendig. Teikning: Arne Hoffmann og Rolf Skjelstad, Ark 117.





med dei på Kvæstad om at museet skulle få overta stampa mot å halde ho i stand. Klesstampa er bygt i 1820–1830-åra, og er ein av dei svært få av slaget som framleis finst her i landet. Ho var i bruk til i 1958, og vart restaurert i samband med filmopptak i 1970. Stampa treng nå til vøling att.

Jelsa Prestegard er ei sak som museet har vore engasjert i gjennom mange år. Fredningssaken går nå sin langsame gang gjennom departementale kontor i Oslo. Men i mellomtida herjar forfallet utan omsyn til byråkratiet. Ved museet har vi derfor, i samarbeid med kulturkontoret i Suldal, engasjert oss på ulike vis for å prøve å redde eldhuset og borgstova. Kommunen er villig til å forsøktere ein del midlar for å få utført nødvendig «førstehjelpsarbeid», og Riksantikvaren er sterkt engasjert, men kva det endelige utfallet kan bli er framleis uklart.

Tilveksten av gjenstandsmateriale til museet er liten. I år har vi fått 10 gåver, men blant desse fleire interessante. M.a. har vi fått ein del apotekarutstyr frå det gamle apoteket på Sand, som vi håper kan få ein interessant plass i den strandstadutstillingen vi planlegg på loftet i Nesa-sjøhuset når det blir ferdig.

Dei som har gitt oss ting i år er følgjande: Brita Marvik, Ragnvald Tysse, Georg Nordmork, Kari Rødseth, Sand Apotek, Lars og Barbro Våge, Borghild Moe, Stine Grov, Torger Hauge, Lars Eide.

I tillegg til dette har det så smått tatt til å komma inn ting til museumshuset i Håkonsgt. i Sauda, men desse er ikkje registrerte. Den store oppgåva i året

Etter mange år med synfaringar på Jelsa Prestegard ramla taket på eldhuset ned, og det vart behov for ei ny synfaring. Her er frå venstre: Sigfred Sørensen, sokneprest i Jelsa, Kjell Solheim, byggmester, Audun Skjelbreid, kultursjef i Suldal og Kaj Ståland frå Riksantikvaren.




Eitt hus har vi likevel fått i tilvekst i år, det er stampa på Kvæstad, som museet har eigd i mange år utan å vita om det. Ein tidligare munnleg avtale mellom eigaren av stampa og styret for museet er først i år blitt kjent for det nåverande styret for museet. Stampa er så sjeldan at ho har karakter av å vera eit nasjonalt kulturminne. Styret legg derfor stor vekt på å få restaurert ho.

som kjem blir å skaffe møblar og inventar til dei to husvera det er meininga å innreie i dette huset.

Det har ikkje vore råd å setta av midlar til vidare registrering og katalogisering av gjenstandsmateria-

let vårt i år. Vi har såleis framleis mye uregistrert materiale, og vi manglar framleis oversikt over materialet vårt.

Gjennom samarbeidet med Suldal kommune om innsamling av materiale til avslutning av kultursoga for Suldal har det kome inn både arkivmateriale og intervjuemateriale. Arkivsakene blir registrert og tatt hand om av Interkommunalt Arkiv, medan museet utfører intervjuarbeidet og skriv av og oppbevarer dette materialet.



Av Ragnvald Tysse i Erfjord fekk museet ein gavlabåt. Her er båten komen på tilhengaren, og Gaute Nilsen og Ragnvald Tysse pustar ut etter strevet.

Det er gjennomført 30 intervju i år. Dei fleste av desse er tatt opp på band, og ein har kome i gang med avskrift av dei. Noen av intervjua er gjort som dugnadsarbeid av medlemmar i Sand museumslag.

Det er også i år fotografi som utgjer største tilveksten. Den systematiske registreringa og avfotograferinga av gamle fotografi frå Ryfylke har halde fram, og vi har i år registrert følgjande tilvekst:

Frå Sauda (Åbø-byen)

270 fotografi

Frå Suldal (Sand)

320 fotografi

Frå Hjelmeland

50 fotografi

Frå Finnøy

120 fotografi

Frå Forsand

20 fotografi

Tilsaman

780 fotografi

Fotografia frå Forsand representerer eit spesialoppdrag i samband med høgtidainga av 150-års jubileet for formannskapslovene. Vi har elles ikkje sett i gang noen innsamlingsaksjon der.



Av Førland treskjelag har museet tidlegare fått to treskjeverk, ein motor og ein drøftemaskin. Etter dugnadsinnsats av Albert Moe og andre fra Suldal museumslag for å få reist hus til utstyret kunne det i haust flyttast til Kolbeinstveit. Det er Torleif Eide som styrer og Albert Moe som tek i mot.

Med Finnøy kommune er det gjort avtale om ei brei fotoinnsamling, på same måten som vi tidlegare har gjennomført i Suldal og Hjelmeland, og dei 120 fotografi som er registrerte i år er starten på dette arbeidet.

I Sauda samlar vi fotografi i samband med arbeidet for å få til eit industriarbeidarmuseum i

Håkonsgt. 51–53. I Suldal er målet å bygge ut fotosamlinga i samband med arbeidet med kultursoga for Sand, og i Hjelmeland er det etterrakster etter fotoinnsamlinga tidlegare som kjem inn.

I tillegg til avfotografering av gamle fotografi har vi i år tatt 1.120 nye svart/kvitt-fotografi sjølv, og 800 dias. Mye av dette er dokumentasjon av eiga verksemd og dei arbeida som vi har i gang på anlegga våre. Berre ein liten del er det ein kan kalle samtidssumentasjon, dvs. fotodokumentasjon av ulike sider ved livet til folk som bur i Ryfylke. Vi burde gjort meir av det siste.



I samarbeid med Suldal kommune samlar museet materiale til dei siste banda av kultursoga for Suldal. Her frå ein bygdabokkveld på Sand med innsamling og registrering av fotografi og arkivmateriale. Frå venstre: Ragnhild Bråteit, Marie Marvik, Bjørg Jorunn Myhre og Olav Kolbeinstveit.

Tilvekstprotokollen for biblioteket har heile 213 nummer i 1987, men det skuldast for ein del registrering av tidlegare uregistrerte bøker. Det meste av bøkene våre er nå både registrerte og katalogiserte, og er ordna etter same system som foto- og gjenstandssamlingane. Det er såleis utført eit stort arbeid dette året for å få orden på biblioteket vårt.

Men framleis er det snakk om ei boksamling som berre med største velvilje kan kallast eit bibliotek. Vi har ikkje midlar til å drive med noe breidt innkjøp av aktuell faglitteratur, noe vi kunne trengt som kompensasjon for at tilgangen til dei store biblioteka er vanskelegare her enn på meir sentrale stader.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Vedlikehaldet av den store bygningsmassen er framleis det store problemet for museet. Styret har drøf-

ta problemet ved fleire høve, og prøvd å setta i verk ymse tiltak for å finne fram til ei løysing. Dette har førebels ikkje lukkast, og forfallet går nå raskare enn vedlikehaldsarbeida.

Halvgjort arbeid på Kolbeinstveit. Ved Kvednahola ligg materialer som har rotna medan ein har venta på å få gjort arbeidet. Kvenhusa på bildet er i dårlig stand.

«Det kan vera grunn til å spørja om tilskottsordningen har slått feil når det gjeld å ta vare på bygningsarven ved dei halvoffentlege musea.» Det huset som sto oppå denne stabben datt ned i nyttårshelga.





Dykkerhjelp var nødvendig da fundamentet for Nesa-sjøhuset skulle repareres. I vatnet: Ola Bråtvit, på land: Helge Husevåg.

Det er tankevekkande i denne samanhengen å lesa følgjande i årsmeldinga for Glomdalsmuseet på Elverum:

Men vedlikeholdssituasjonen har lenge vært svært bekymringsfull og ble sterkt fokusert i pressen sommeren 1987. Situasjonen var vanskelig allerede i 1977 da ein til-

standsrapport viser at 34 bygninger var angrepet av råte og sopp og trengte «førstehjelp». Samme tall i dag er 45, halvparten av de antikvariske bygningene. Vi er i særklasse det største bygningsmuseet på tilskuddsordningen i Norge. Tilsammen har vi 104 bygninger å vedlikeholde. Dette arbeidet skal utføres av 1 håndverker.

Tor Gunnar Eide og Helge Husevåg i arbeid med å rive forska-
ling på Nesa-sjøhuset.





Nesa-sjøhuset blir ein viktig miljøfaktor i den verneverdige Nordenden på Sand.

På bakgrunn av slike rapportar og våre eigne problem kan det vera grunn til å spørja seg om tilskottsortningen har slått feil når det gjeld å ta vare på bygningsarven ved dei halvoffentlege musea.

I samarbeid med fylkeskonservatoren og kultursjefane i Sauda, Suldal og Hjelmeland er vi blitt

samde om at museet nå skal utarbeide ein fullstendig rapport om vedlikehaldssituasjonen ved Ryfylke-museet og så føre nye samtaler med dei nemte partane om utvegane til å finne i det minste ei mellombels løysing. Styret vonar dette skal føre til positive resultat, slik at ein kan komma i gang med eit meir systematisk og meir omfattande vedlikehaldsarbeid frå sommaren 1988.

Arbeida ved dei nyanlegga museet held på med har gått betre. Både på Håkonsgt. 51–53 i Sauda og

på Nesa-sjøhuset på Sand er det utført store arbeid dette året.

Frå Sauda kunne vi i førre årsmelding melde om problem med å få til ei tilfredsstillande framdrift, noe som skuldast mangel på folk. Dette løyste seg omsider i haust, da Molla Snikkarverkstad tok på seg å fullføre arbeida. Ved årsskiftet er dei komne nokså langt, og ein reknar med at huset skal kunne stå ferdig som industriarbeidarmuseum til Sauda-dagane 1988.

Som nemnt tidlegare i meldinga er vi og komne svært langt i arbeida på Nesa-sjøhuset på Sand. Tre av veggane og taket er nå på det nærmaste ferdige, berre bakveggen står att av det som er tenkt utført i første byggetrinn. Det som nå blir gjort er at både veggger og tak blir gjort heilt ferdige med isolasjon og alt som hører med i ein vegg. Det som står att før ein kan ta huset i bruk er etasjeskillene og romindelinga.

Prinsippet som er vald for arbeidet med Nesa-sjøhuset er at ein langt på veg gjennomfører ei restaurering av den utvendige fasaden, og også i størst muleg grad tek vare på det innvendige inntrykket av eit slik hus med den synlege konstruksjonen og dei grove himlingane. På denne måten oppnår ein å ta vare på huset som eit kulturminne samtidig som det vil bli eit svært teneleg og triveleg hovudsete for Ryfylkemuseet.

Når Nesa-sjøhuset blir ferdig vil ein få god arkiv- og magasinpllass for ein del av det mest utsette materialet museet eig. Det er likevel klart at museet har behov for ei vidare utbygging av magasinkapasiteten om samlingane skal kunne bli oppbevarte under tilfredsstillande forhold. Nesa-huset vil berre romme ein liten del av samlingane, ikkje eingong alt det som nå er samla på Sand vil få plass der.

FOLKEMUSIKKARKIVET

Etter opprømt melding i årsmeldinga for i fjor om at ein omsider hadde kome i gang med oppbygning av eit folkemusikkarkiv for Rogaland ved museet, må denne årsmeldinga melde om eit tilbakeslag.

Frå august 1986 løyvde fylkeskulturstyret midlar til engasjement av ein konsulent i 3/4 stilling til å arbeide med arkivet. Og allereide ved årsskiftet kunne vi melde om gode, og ikkje minst interessante resultat av innsamlinga og registreringsarbeidet.

Men da sommaren kom var det slutt på pengane, og fylkeskulturstyret fann ikkje å kunne løyve midlar til meir enn eit engasjement i 1/5 stilling frå august 1987. Det var svært skuffande, og det blir sjølv sagt altfor lite tid å gjera den jobben som burde vore gjort. Her kjem mye av dei siste restane av folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Rogaland til å forsvinne før det blir utveg til å ta vare på dei.

I meldingsåret er det gjort nye opptak i Bjerkreim, Sand, Saudasjøen, Suldal og Stavanger, ein del tidlegare opptak er registrerte og det er tatt kopi av ein del privatopptak. Arkivet har dessutan mottatt ei større samling kopiar frå Norsk Visearkiv. Tilsaman finst det nå 91 spoleband i folkemusikkarkivet, dessutan noen private kassettar. Tilfanget av noter og tekster har også auka, men dette stoffet er verken registrert eller nummerert førebels.

Konsulenten ved folkemusikkarkivet har drive eit formidlingsarbeid av stort omfang. Dette kjem vi tilbake til under «utoverretta tiltak».

FORSKING

Arbeidet med siste delen av kultursoga for Suldal kom så vidt i gang hausten 1986, og har vore drive for fullt, så langt løyvingane har tillatt det dette



Eit av dei store vonbrota i 1987 var meldinga om at Fylkeskulturstyret ikkje fann å kunne løyve særleg meir midlar til folke-musikkarkivet. Eit viktig arbeid som berre så vidt hadde kome igang har derfor nesten stoppa, og konsulenten ved arkivet, Ruth Anne Moen, har lurt på om ho må ta med seg felekassa ut på gata for å finansiere vidare arbeid.

året. Avtalen med Suldal kommune går ut på at dei kjøper 1/5 forskarårsverk av museet for å arbeide med kultursoga. Førevels er det innsamling av materiale som går føre seg, slik som omtala tidlegare i denne meldinga.

Det er inga ideell situasjon å drive med slikt ar-

beid på deltid, innimellom mange andre gjeremål, og det er tvilsamt om det fører til den mest effektive bruken av midlane for oppdragsgjevaren. Desse spørsmåla vil bli drøfta med Suldal kommune i året som kjem, med tanke på å komma fram til ein betre måte å organisere arbeidet på.

Om det ikkje nett kan kallast forsking blir det også drive granskningar av eit visst omfang i samband med dei artiklane dei tilsette skriv i tidsskriftet FOLK i Ryfylke og andre publikasjonar. Dette kjem vi tilbake til i neste kapittel.

Det forskingssamarbeidet med Industriarbeidarmuseet på Rjukan og Industristadmuseet i Odda, som vart varsle i førre årsmelding, har ikkje kome i gang da ein ikkje har fått tilsett ny person i den ledige konservatorstillingen ved Industriarbeidarmuseet.


Større framtidsvon er knytt til det arbeidet museet har deltatt i saman med Suldal kommune for å få etablert eit større forskingsmiljø i Ryfylke. Kommunen har ved to høve betalt deltaking i forskingsseminar for styraren ved museet. Dette har i neste om-

Hovudutstillinga i sjøhuset i år har vore «Reisen over havet» som museet fekk låne av Stavanger Museum – Sjøfartsmuseet. Her under innlasting utanfor N. Strandgate 17/19.

gang ført til samtalar med Rogalandsforskning, og vi håper nå ved årsskiftet at ein står like føre etablering av eit avdelingskontor for Rogalandsforskning på Sand.

UTOVERRETTA TILTAK

Også i år har det vore stor utstillingsaktivitet i sjøhuset på Sand, og besøkstalet har auka sterkt også dette året. Hovudutstillinga til museet har vore «Reisen over havet», ein svært påkosta utstilling om utvandringa til Amerika som vi fekk låne av Stavanger Museum – Sjøfartsmuseet.





I galleriet har følgjande utstillingar vore viste:

- Januar: Innafør dørstokken. Utstilling om interiør i samarbeid mellom Fortidsminneforeningen og museet.
- Februar: Fire frå Lista. Kunstlaget.
- Mars: Terje Grøstad
- Mai: Lille Øvregate kunsthandverk.
- Mai: Kunsthåndverk frå Rogaland.
- Juli/august: Tellnes. Kunstlaget.
- September: Arkivutstilling i samarbeid mellom Interkommunalt Arkiv. Suldal kulturkontor og museet.
- Oktober: Ryfylkeutstillinga 1987. Kunstlaget.
- November: Olaf Storø. Kunstlaget.

På utstillinga frå Lille Øvregate Kunsthåndverk frå Bergen blei det kjøpt meir en vanleg.

I tilknyting til ein del av desse utstillingane har det vore ymse tilskipingar i sjøhuset. Galleriet har dessutan vore lånt ut til ymse lag og brukt av kulturkontoret til ymse arrangement. Dette er det Ryfylke kunstlag som har administrert, men det dryp også litt på museet når det er aktivitet i huset.

Det samla talet på besökande i sjøhuset har vore 1.795, ein auke på 572, eller 47 % sidan i fjor. Av desse var 467 skulelevar.

Ved dei andre avdelingane er det vanskeleg å få til



Roald Tellnes fortel om bilda sine til ein skuleklasse i galleriet. Samarbeidet med Ryfylke kunstlag om galleriet i sjøhuset på Sand har gitt stor auke i besøkstalet.

noen sikker registrering av besøkstala, men av biletinntektene kan ein sjå at talet på betalande gjester har vore omlag som før, dvs. kring 350.


Dette er likevel berre ein liten del av dei som besøker anlegga. Det er god grunn til å tru at det er mange fleire som besøker anlegga utanom dei knappe opningstidene. Styret kjenner derfor eit sterkt behov for å få betre informasjon ved anlegga, slik at utbyt-

tet av eit besøk kan bli større for dei som stopper.

Tidsskriftet FOLK i Ryfylke kom ut med to nummer også i 1987. Det første eit fyldig nummer som inneheoldt resultata av den granskinga museet har gjennomført av dei kulturelle følgjene av kraftutbygginga i Suldal. Dette heftet vart også utgitt som særtrykk med tittelen «Blant silkebus og bønder».

Det andre nummeret hadde ein hovudartikkel om folkemusikken i Rogaland, og dessutan ein artikkel om krossåkle og ein om sponkorgproduksjon.

Vi får mye ros for tidsskriftet vårt, både frå våre



Mange skuleklasser bruker utstillingane på sjøhuset flittig. Her er det utvandringa til Amerika som er tema for oppgåveløysingar.

eigne medlemmar, og frå kollegaer ved andre museum. Vi har likevel ikkje greidd å komma opp i eit opplag som gjer at inntektene kan dekke utgiftene med tidsskriftet. I lengda har ikkje museet råd til å gi ut eit tidsskrift som treng såpass store «subsider». For 1988 har styret derfor funne å måtte gjennomføre ei slanking av tidsskriftet. På lengre sikt vurderer ein nøyne, og med stor interesse, eit forslag frå Ryfylkerådet om å gå inn i eit samarbeid om utgi-

ving av eit kulturtidsskrift eller -magasin med breiare stoffutval.

Utanom tidsskriftet og det nemnte særtrykket, har museet deltatt i utgiving av to bøker i meldingsåret. Desse er: «Ulla-Førre – Norges største vasskraftprosjekt», som vart gitt ut etter avtale med Statkraft, Ulla-Førre-anlegga, og «Hjelmeland – Bilete frå farne år», som vart utgitt i samarbeid med Hjelmeland kommune.


Både tidsskriftet og bøkene er gitt ut i samarbeid med Dreyer Bok i Stavanger.

I tillegg til eigne publikasjonar har fleire av dei tilsette skrive artiklar for andre publikasjonar. Samanlikna med andre museum har Ryfylkemuseet ein stor produksjon av bøker, hefte og artiklar.

Museet har ein del, men ikkje så svært mange, førespurnader om kåserier og liknande i ulike samanhenger. Styraren har vore ute på 10 slike oppdrag dette året. Kanskje det mest utfordrande var deltaking i eit fagmøte for bygningssjefar frå Ryfylke og Nord-Rogaland om reparasjon, vedlikehald, rehabilitering og restaurering av gamle bygningar.

Konsulenten ved folkemusikkarkivet har drive eit svært omfattande formidlingsarbeid. Ho har deltatt i 5 ulike arrangement med orientering om og presentasjon av materiale, ho har vore på skolekonsertturne for Rikskonsertane med folkemusikk frå Rogaland og bidratt med musikkstoffet både til denne turneen

Med stor innsats frå folkemusikkarkivet er det blitt drive eit aktivt arbeid for å formidle og gjera kjent folkemusikkmateriale frå Rogaland. Dei som spelar her er frå venstre: Marton Laksesvela, Bjerkreim, Tone Kielland Smith, Sandnes, Dag Hovda Sture, Stavanger og Kjell G. Nilsen, Sand.



Museet arbeider med eit nytt skiltsystem for dei ulike miljøavdelingane

og ein parallel turné med andre utøvrarar, og ho har deltatt aktivt som leiar for ein barneleikarring. Det siste som fritidsaktivitet.

TILTAK UTANFOR MUSEET

Museet har noen år hatt eit samarbeid med Stavanger Lærarhøgskole om eit kurs som tilbyr tilleggsutdanning for folk som er interesserte i museums- og kulturvernarbeid. Også i år har vi deltatt både med forelesingar og ekskursjon for dette kurset. Av større interesse er likevel det desentraliserte kurstilbodet i samfunnsfag med vekt på historie som lærarhøgskolen har starta med på Sand. Museet deltek både i planlegginga og gjennomføringa av dette kurset.




Museet deltar i gjennomføringa av eit kurs i samfunnsfag med vekt på historie som Stavanger Lærarhøgskule held på Sand. Her er det Njål Tjeltveit som er forelesar ein kveld på sjøhuset.

Attåt samarbeidet med lærarhøgskolen har styraen vore sensor for grunn-, mellom- og hovudfagstudentar ved Etno-folkloristisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Som tidlegare år har museet også i år vore med og skipa til registreringskurs for personar som vil i

gang med registrering av faste kulturminne i kommunane. I oppfølgjinga av dette har museet drive med noe rettleatingsarbeid for registratorane.

I samarbeid med Suldal kommune og Vestlandsverka er museet med på planlegging av ei samla utnytting av Suldalsvassdraget til museums- og turistformål. Det er meininga at ei innstilling om dette skal føreligge tidleg på nyåret i 1988, og at det så vil bli arbeidd vidare for å realisere ideane.



I samarbeid med Suldal kommune og Vestlandsverka er museet med på planlegging av ei samla utnytting av Suldalsvassdraget til museums- og turistformål. Her er den arbeidsgruppa som arbeider med saka på tur til Eidfjord for å få greie på korleis informasjonsarbeidet for Eidfjord-anlegga er lagt opp.

AVSLUTNING

Det er viktig for museet å ha god hjelp til å få gjort kjent det vi driv med, og vi kan gle oss over stor interesse frå media. Både lokalavisene og dei regionale avisene tek jamnleg inn stoff om museet, og det er heller ikkje vanskeleg å sleppe til i «lokalen», NRK-Rogaland. I år har vi dessutan hatt glede av å vera med i to program som kulturredaksjonen i P1 laga frå Ryfylke.

Styret vil til slutt takke for det gode samarbeidet museet har hatt med fylkeskommunen sine kulturorgan, vertskommunen Suldal, Ryfylkerådet og kulturkontora i Sauda og Hjelmeland. Vi kan også gle oss over at det nå ser ut til at vi også er i ferd med å få betre kontakt med noen av dei øvrige kulturkontora i Ryfylke.

Sand, 30. desember 1987

Børge Skeie
formann

Roy Høibo
styrar

Rekneskap 1987

DRIFTSREKNESKAP

Billettinntekter	5.813
Leigeinntekter	13.267
Varesal	8.603
Ref. trygdekont.	18.452
Tilskotsordning	900.397
Andre tilskot	2.327
Renteinntekter	7.871
Sum driftsintekter	956.731

Lønn faste	424.476
Lønn andre	33.192
Arb.giv.avg.m.m.	86.121
Inventar/utstyr	55.473
Innkj. til saml.	600
Innkj. til bibl.	17.451
Vedlikehald	29.406
Kontorutgifter	79.163
Husleige/straum m.m.	144.275
Reiseutlegg	54.308
Varekjøp for salg	716
Vedl. saml./utstyr	3.781
Ustills./publ. m.m.	31.150
Dok. utgifter	14.642
Andre driftsutg.	14.103
Sum driftsutgifter	988.858

Resultat drift


INNTEKTER OG UTGIFTER UTANFOR TILSKOTSORDNINGA

Billettinntekter	5.813	Varesalg	64.005
Leigeinntekter	13.267	Medl.penger	44.518
Varesal	8.603	Tilskot	1.412.657
Ref. trygdekont.	18.452	Forbruk overf.løvv.	216.210
Tilskotsordning	900.397	Andre inntekter	90.318
Andre tilskot	2.327	Sum inntekt u/tisk.ordn.	1.872.709
Renteinntekter	7.871		
Sum driftsintekter	956.731		
		Lønn arkivar	80.629
		Lønn andre	15.062
		Arb.giv.avg. m.m.	11.300
		Vedlikehald Sauda	65.655
		Vedlikehald Nesa-huset	1.014.355
		Reiseutg.arkivar	7.387
		Varekjøp/publikasjonar	162.191
		Fotoinnsaml.	6.728
		Andre driftsutg.	5.857
		Sum utgifter	1.369.162
		Ubrukte løvingar	446.218
		Sum etter overf.	1.815.380
		Sum resultat tiltak	57.324
		Samla resultat	25.187
	- 32.237		

BALANSE PR. 31/12-1987

Kasse	3.777
Postgiro	10.094
bankinnskudd	<u>597.405</u>
Sum omløpsmidler	611.276
Fordringer	<u>13.766</u>
Sum aktiva	<u>625.042</u>
Skattetrekk	0
Pensjonstrekk	612
Interimskonto	42.119
Overføring	<u>446.218</u>
Kortsiktig gjeld	487.725
Eigenkapital	112.121
Rekneskapsres.	<u>25.196</u>
Sum eigenkapital	<u>137.317</u>
Sum passiva	<u>625.042</u>

Kostnads- og inntektsutviklinga ved museet 1981-1987. Dei skraverte søylene viser storleiken på driftsbudsjettet, medan dei opne søylene viser storleiken på inntekter og utgifter utanom tilskottssordningen. Diagrammet viser at ein stadig større del av aktivitetane ved museet blir finansiert gjennom omframme løyvingar. For første gong er dei omframme løyvingane i år større enn dei ordinære løyvingane til drifta av museet.



Ryfylkemuseet legg planar

AV ROY HØIBO

I ei tid med stagnerande budsjett og krisemeldingar frå fylkeskommunen har Ryfylkemuseet funne det for godt å stelle til ein plan for auka aktivitet. Vi må fram i løperekka, og gjerne spele spiss.

— Det er m.a. heilt klart at musea må ta si oppgåve som integrerte kulturinstitusjonar meir alvorleg, skriv styret i planforslaget sitt. — Samfunnet vil stille større krav til slike institusjonar som deltakarar i arbeidet med å skapa nye arbeidsplassar, skulen får større behov for musea som referansesentral og dataleverandør, og etter iverksettinga av den nye plan- og bygningsloven vil musea kunne få større oppgåver som premissleverandør og deltakar i samfunnsformingo.

Fra innsida av museumsvesenet pressar det seg dessutan fram ein debatt om musea der tankar om ein ny museologi i mye større grad enn tidlegare inkluderer heile lokalsamfunnet kring museet som virkeområde for aktivitetane ved museet, og der deltaking og desentralisering er sentrale mål.

Vi ser det dessutan som ei interessant oppgåve å sjå korleis museet kan bidra til å skape ei positiv utvikling for distriktet, og har gått inn i eit samarbeid med Suldal kommune og Vestlandsverka om ei utgreiing om utnytting av Suldalsvassdraget til

Da er det større sjansar til å få mål, meiner museumsstyret. Det er ein plan for eit samla museumsstell i Ryfylke det er tale om, og planen er nå ute til høring.

museums- og turistformål. Ei skisse til ein plan for dette vart levert Suldal formannskap på nyåret 1988.

Men det er og andre grunnar til at Ryfylkemuseet må utarbeide planar. Arbeidet med bygningssamlinga til museet er i alvorlig krisje.

Ryfylkemuseet har den største bygningssamlinga i Rogaland, 51 hus i alt. Men vi har aldri hatt noen fast håndverkar til å sjå etter husa. Følgende av det tek nå til å melde seg, 30–40 år at husa blei samla. Dei dritt ned. Det siste datt i nyttårshelga.

På denne bakgrunnen har museet invitert til eit samarbeid med kultursjefane i dei kommunane husa står i og fylkeskonservatoren for å prøve å få til ein plan for korleis ein kan berge husa og setta dei i ein respektabel stand att.

MUSEUM FOR ALLE

Går ein nærmare inn i det materialet som finst i museumssamlingane i Ryfylke vil ein sjå at det er lita geografisk breidde i det, det er frå ein liten del av



den tida som ligg bak oss og det har ei skeiv sosial fordeling.

Dette kan vi ikkje slå oss til ro med. Vi må utvide omfanget av arbeidet både geografisk, sosialt og i forhold til ulike livsformer, og vi må utvikle den museumstekniske standarden på slikt arbeid i regionen.

Prøver ein å omforme desse måla til konkrete prosjekt vil ein raskt sjå at lista kan bli nokså lang. Det kjem av at Ryfylke er ein region som har bydd på mange slags utvegar til å finne seg eit utkomme. Og mange av desse utvegane er kombinerte i eit nokså komplisert bilde av næringskombinasjonar og livsformer. Noen meiner at det er dette mangfaldet som er kjenneteikne for Ryfylke.

Dersom kulturvern- og museumsarbeidet i Ryfylke skal avspegle denne røyndommen krevst det ei medveten tilnærming til store grupper som førebels ha stått noe på sida av det aktive dokumentasjonsarbeidet, slik det har gått føre seg som oppbygging av samlingar, og det krevst ei utviding både av den geografiske horisonten og det tidsperspektivet ein arbeider i, det siste ikkje minst fram mot vår eiga tid.

Om dette lukkast meiner museet at kulturvern- og museumsarbeidet kan gi viktige bidrag til utviklinga av Ryfylkeregionen, formulert slik av styret for museet:

Museet kan gjennom dette bidra til identitetsskaping, eit levande kulturliv, etablering av nye arbeidsplassar og utvikling av turismen som næring.

Museet brukte dette bildet som omslagsbilde på eit forslag til ein plan for eit samla museumsstell i Ryfylke-regionen. Bildet var meint som ei lita påminning om at andre grupper og andre typar aktivitetar enn dei som til nå er blitt dokumenterte i musea burde bli lagt større vekt på.



Noen meiner at det er sauens som bind Ryfylke saman. At det er sauens vi har saman. Sauen er i alle fall ein viktig del av landbruket i Ryfylke, og såleis av interesse i det dokumentasjonsarbeidet museet bør drive med. Bildet har kome inn under fotoinnsamlinga i Hjelmeland, og er tatt ved Hjelmelandskaien. Truleg skulle dei til Førre med sauens, eller kanskje til Sauda, det veit vi ikkje sikkert. Blant dei som er på båten skal vera Jan Olav Kleppa og Ola Meltveit.

For å få dette til meiner museet at det i prinsippet bør vera museumstiltak på eit visst nivå i kvar kommune i Ryfylke. Både ut frå dei geografiske forholda, kommunikasjonane og mangfaldet i livsformer vil dette vera nødvendig for å nå dei hovudmåla ein har for verksemda. Arbeidet er dessutan ein integrert

del av det arbeidet som kvar kommune driv innafor kultursektoren.

For å konkretisere dette arbeidet bør det truleg knytast til eitt eller fleire fysiske anlegg, oftaast bygning eller bygningsmiljø, i kvar kommune. Innhaldet bør vera representativt for den kulturhistoria ein

Som i dei fleste av Ryfylke-kommunane finst det også i Finnøy ei bygdesamling. Denne har dannar grunnlaget for Finnøy bygdemuseum som har kome med blant dei halvoffentlege musea i Rogaland frå nyttår 1988. Ryfylkemuseet har invitert til eit samarbeid om den vidare utviklinga av museumsstellet i Finnøy. Frå venstre: Roy Høibo, Reidulf Vignes, kulturkonsulent, og Anders Opheim frå mållaget og museumsnemda.

finn i kommunen eller bygda. Ved val av eventuelle satsingsområde vil det likevel vera ein fordel om ein kan tilpasse eigen aktivitet til den samla regionale aktiviteten om resultatet skal bli mangfold og ikkje einsretting. Det burde ikkje vera vanskeleg å få det til.

ARBEIDET MÅ SAMORDNAST

I museumsplanen som styret har sendt ut til høring blir det invitert til eit breidt samarbeid for å få dette til. Ein tenkjer seg at alle dei som ønskjer å vera med i eit slikt samarbeid samlar seg under ein felles





Skogbruket er ein annan, viktig del av landbruket i Ryfylke, og eit området som museet allereide har gjort littegrann med. Biletet er tatt under årsmøtet til Rogaland Skogselskap i 1937 eller i 1938 i skogen på Hovda.


hatt og styrer arbeidet gjennom eit representantskap og eit styre.

I representantskapet skal alle museumslag, bygdemuseum og andre kulturvernlag som ønskjer å gå inn i eit samarbeid på følgande føresetnader, slik museumsstyret har formulert de, ha hove til å møte:

Ryfylkemuseet skal bygge på prinsippet om eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom lokale avdelingar og eit sentralt kompetansesenter.

Røysteretten tenker ein seg at må fordelast likt mellom dei enkelte kommunane og ein føreset dessutan at styret blir sett saman slik at flest muleg av dei kommunane som er med i samarbeidet blir representerte i styret.

Representantskapet blir det øvste styringsorganet for museet, men ein har invitert Ryfylkerådet til å



Båtbyggjaren ved naustet sitt. Andreas Lien bygde båtar i naustet heile livet sitt. Båtbygging og andre handverk som er knytte til sjøen og strandstadene innetter Ryfylke burde stå i sentrum for oppgåvene til Ryfylkemuseet.

vera eit rådgjevande organ for representantskapet.

Målet med desse endringane er å få til ei meir representativ og dermed meir rettferdig styring av museet. Og ein kjem kommunane i møte i ønskje om innsyn i og innverknad på det museet har føre

seg gjennom deira høve til å behandle ymse saker i Ryfylkerådet.

Nå skal det leggast til at ikkje alle er like begeistra for dette forslaget til styringsmåte for museet. Kultursjefane i Ryfylkekommunane har nemnt opp eit eige arbeidsutval som er i fullt arbeid med å vurdere dei forslaga som er refererte ovanfor, og det er grunn til å tru at dei kjem fram til eit forslag som gir kommunane ein meir sentral plass i styringsstrukturen.



EIN DESENTRALISERT ORGANISASJON

Ryfylkemuseet rår i dag over stillingsheimlar for ein konservator/styrar, ein museumsassistent og ein kontorassistent (1/2 stilling). I tillegg har museet ein mellombels deltidsstilling for konsulent ved folke-musikkarkivet.

Dette er eit personale som berre i liten grad kan realisere dei måla som er skisserte ovanfor. Det trengst fleire tilsette, kompetanse på fleire fagområ-

Få eller ingen distrikt i Norge har opplevd så omfattande og langvarige vasskraftanlegg som Ryfylke. Ryfylkemuseet gjer alvorlege forsøk på å komma igang med dokumentasjon og formidling av dette arbeidet. Tidligare har vi illustrert dette med imponerande bildemateriale frå Ulla-Førre-anlegga. Denne gongen er bildet henta frå ei meir beskjeden utbygging. Bildet viser arbeidsfolk ved eit lite kraftverk på Foss i Hjelmeland i 1949. Frå venstre: Jan Fosså, Karl Roaldkvam, Nils Foss og Kjetil Hjorteland.

de og utveg til ei betre spreiing av arbeidsinnsatsen om ein skal komma vidare.

Styret for museet har prioritert stilling for museumshandverkar ved opprettning av nye stillingar for museet ut frå dei oppgåvane som nå kjennest mest påtrengande. Også for eit utvida museum vil oppbygging av handverkarkompetanse vera svært viktig. Eit noenlunde tilfredsstillande utbygt museum burde ha ein antikvarisk verkstad med formann og 2 handverkarar. Ein slik avdeling burde kunne byggast opp også med tanke på sal av tenester til andre eigarar av verneverdige bygningar.

Arbeidet med dokumentasjon og formidling er i dag tillagt museumsassistenten. Både for utvikling av den faglege kompetansen og for auke av kapasiteten bør denne stillingen delast i 2 fulle konsulentstillingar, og med utveg til engasjement av ekstra-hjelp for arbeid med registrering o.l., eventuelt ved engasjement av sivilarbeidar. For den stillingen som skal ha ansvaret for dokumentasjon vil kunnskapar om fotografering vera av stor betydning.

I tillegg til slike stillingar for fagkonsulentar ved museet sentralt, bør det opprettast stillingar for fagsekretærar med avgrensa arbeidsområde i tilknytning til enkelte av avdelingane.

Den vitenskapelege kompetansen bør styrkast med ein konservator/-forskar, som ved siden av arbeid for museet, kan utføre oppdragsforskning for kommunar eller andre.

Museet tenkjer seg at ein del av desse stillingane blir plasserte som stabsfunksjonar ved den sentrale museumseininga på Sand i tilknytning til utstyr og lokale som er nødvendige for å utføre ein del av arbeidet, medan andre stillingar blir plasserte som avdelings- eller linjefunksjonar ved større avdelingar andre stader i regionen.

FORDELING AV ANSVAR OG OPPGÅVER

Hovudideen til Ryfylkemuseet er å få til eit samarbeid mellom dei fagleg tilsette ved museet og amatøranne som er knytte til dei enkelte samlingane ut frå ei gjensidig respekt for kva den enkelte kan bidra med, og forståing for at begge partar er nødvendige om ein skal nå dei måla ein har sett seg.

Det vil vera naturleg å knyte den lokale aktivitetten til dei lokale avdelingane, og gi museumslaga og bygdemusea stort ansvar for desse aktivitetane. Fagpersonalet bør fungere som inspiratorar, koordinatorar og som eit sikringsnett under den frivillige aktiviteten i periodar da denne er svak. Ei hovudoppgave for fagpersonalet vil i tillegg vera å forvalte ansvaret for ein representativ dokumentasjon og ei brei formidling av representative sider ved Ryfylkekulturen.

Ei slik arbeidsdeling kan føre med seg ein viss risiko for at utviklinga av dei enkelte samlingane og bruken av dei vil skifte med skiftande engasjement hos amatøranne, men ein er samtidig sikra at samlingane får eit minimum av tilsyn og pleie om det frivillige engasjementet skulle falle bort, og ein er i ein viss grad sikra at det som blir gjort med samlinga skjer etter fagleg rettleiing.

For Ryfylkemuseet er dette ikkje ein ønskeleg, men ein nødvendig arbeidsmåte. Det er urealistisk å tru at museet i rimelig framtid vil få ressursar til å kunne ta over det frivillige arbeidet som har vore utført ved bygdesamlingane i Ryfylke. Frykten for at Ryfylkemuseet skal overta det frivillige engasjementet som er knytt til enkelte av museumssamlingane i distriktet synest såleis nokså ugrunna.



Under dei synlege inntrykka av øyer og fjordar og fjell, og under inntrykka av eit mangfaldig og spanande arbeidsliv finst eit åndsliv i Ryfylke som også er meir mangslunge enn mange andre stader. Det hører også med i skildringa av den kulturhistoria

som eit museum, skal dokumentere. Bildet er frå ei vennesamling i «Tjødnå» ovanom Eiane i Hjelmeland i 1903 eller -04. Frå venstre: Fargar Ole Halvorsen, John Eiane, biskop Lunde, fru Johanne Selvåg, frk. Annbjørg Hoffgård og Å. Stensland.

40 KRONER PR. INNBYGGAR

Ryfylkemuseet hadde i 1987 samla driftskostnader på 988.858 kroner. Rekneskapen vart gjort opp med eit underskott på 32.137 kroner. Det meste av utgiftene blir dekka gjennom tilskottsordningen for halvoffentlege museum. Denne virkar slik at det er fylkeskommunen som fastset rammene for budsjettet. ca. 42 % av utgiftene blir så refundert frå staten, resten blir delt med 2/3 på fylkeskommunen og 1/3 på vertskommunen Suldal.

Verken frå staten eller frå fylkeskommunen er det utsikt til noen særlig auke i løvingane dei nærmaste åra. Tvertimot tyder dei siste signala før dette blir skrive på at vi må rekne med nedskjeringer. Og ein kan neppe vente at Suldal kommune vil auke sitt tilskott for å utvide verksemda til andre kommunar. Ein auke i driftsbudsjettet som grunnlag for auka aktivitet i fleire kommunar må såleis bygge på nye tilskot frå dei kommunane som ønskjer auka aktivitet.

Suldal kommune betalte i 1987 181.141 kroner i vertskommunetilskott til Ryfylkemuseet. Det tilsvarer vel 42 kroner pr. innbyggjar. Dersom alle Ryfylkekommunane hadde betalt tilsvarende ville det betydd ein auke i driftsmidlane på vel 1 mill. kroner, altså ei dobling av driftsmidlane og grunnlag for 3-4 nye stillingar.

Det er vel likevel ikkje urimeleg at Suldal kommune betaler noe meir i tilskott til museet enn dei øvrige kommunane. Om ein i eit rekneksempel tenkte seg at kvar kommune betalte 40 kroner pr. innbyggjar i tilskott til Ryfylkemuseet, og at Suldal kommune betalte 20 kroner i tillegg som vertskommune, ville ein få eit driftstilskott på 1.057.260 kroner ut over dei midlane ein hadde til rådvelde innafor det godkjente driftsrekneskapet for 1987.

Museet har bedt kommunane ta stilling til om dei

i prinsippet kan vera med på ei slik fordeling av kostnadane, og om dei finn å kunne imøtekomme ønsket om eit slikt nivå på tilskotta.

Ved ei slik fordeling vil dei store kommunane, som Strand og til dels Sauda, ved sidan av Suldal, måtte ut med etter måten store summar, men slik ein har tenkt seg organisasjonsplanen for museet vil det nettopp i desse kommunane vera aktuelt å lokalisere personale.

Denne måten å organisere verksemda på vil føre til at alle kommunane får tilgang til eit breitt spekter av fagfolk, og at dei som yter dei største bidraga i tillegg får nye arbeidsplassar i sine eigne kommunar.

Reaksjonane på desse tankane så langt har vore eit visst atterhald mot å gå inn med generelle tilskot til museumsdrifta, i alle fall frå dei kommunane som hittil har sett lite til Ryfylkemuseet. Frå kommunane vil det vera meir spiseleg å ha ein utveg til å kunne kjøpe tenester etter behov. Det er eit standpunkt som ikkje er så vanskeleg å skjøne, men som vil vera verre å gjennomføre.

Eitt av dei store problema er at forholda ikkje ligg slik til rette i Ryfylke at det er enkelt å leige inn kvalifiserte folk til enkeltjobbar. Ein kan heller ikkje tilsetta folk utan å ha sikra seg at ein har pengar å betale lønna deira med. Museet har derfor meint at ein må ha avtalar som sikrar faste inntekter om ein skal kunne auke personalet slik at ein kan drive ein større aktivitet i fleire kommunar.

NYE TILTAK

Nye tiltak vil vera knytta til nye tilskott av midler å arbeide for. Det følgjande er såleis bygd på den føresetnaden at finansieringsgrunnlaget heilt eller delvis



Det daglege, uforpliktandelivet på kaien etter at båten har gått. Det er på Ølesundskaien i 1939, og det er søndagskvelden. Og dei som er med er frå venstre: Osvald Holmen, Ola Øye, Bjarne Østerhus, Jonas Tveit, Daniel Foss, Gunnar Øye, Åke Hauge, P.N. Hauge og Johan Bjelland.

blir endra i perioden i samsvar med forslaget ovanfor.

Tilskot av nye midler vil først og fremst bli nytta til ny aktivitet i dei kommunane midlane kjem i frå, men det er også snakk om nye fellestiltak. Dokumentasjon og bevaring vil vera aktuelle som lokale tiltak. Og her er store uløyste oppgåver.


I Sauda ligg det t.d. føre store oppgåver knytt til arbeidet med dokumentasjon av industristaden si soge. Like viktig måtte det vera å få gjort noe i den andre, store industrikommunen i regionen, Strand.

Men det vil ikkje vera mulig å få til noen tilfredsstilende framdrift i dette arbeidet utan tilførsel av omframme midlar.

På øyane peikar veksthusnæringa seg ut som eit svært interessant og eit svært viktig arbeidsområde. Her kan vera tale om såvel dokumentasjonstiltak som bevaringstiltak.

Fjordafarten er eit anna område som peikar seg ut som særleg viktig for Ryfylke. Arbeidet med dokumentasjonen av denne og bevaring av minne om han kan knytast til mange lokalitetar.

Handverk og småindustri er eit område som vi allereide har lukta litt på, men der det ligg føre store oppgåver, og delvis med dokumentasjon av handverk som er i ferd med å forsvinne for godt.



Veksthusnæringa er blant dei næringane som burde vore dokumentert. Bildet er frå Helgøy i Hjelmeland og er truleg tatt i 1936/37.

Innafor formidlingsarbeidet vil det vera særleg aktuelt å auke utstillingsaktivitetane. Museet er svært opptatt av å få til eit tilbod om vandreutstillingar som kan sendast rundt i kommunane, og vil for sin del foreslå at dette blir prioritert om ein får midlar til det.

Vidare vil det vera aktuelt å utarbeide meir samlande opplegg for utnytting av miljøavdelingane til

musea i Ryfylke, både med tanke på dei som bur her, turistar og ikkje minst skulane. Ein tenkjer da både på betre skilting og betre materiell for det enkelte anlegget, og, ikkje minst, på opplegg som kan føre til at desse anlegga blir sett meir i samanheng sjølv om dei ligg på kvar sine stader i geografien.

EIT UNIKT MUSEUM

Det kan ikkje vera tvil om at forholda ligg godt til rette for å utvikle eit museumsstell i Ryfylke som både kan gi rike og spennande bidrag til utviklinga



Situasjonen for bygningsvernet er kritisk, og vil vera avhengig av heilt andre finansieringsordningar enn ein har nå om ein skal kunne halde fram med å ta vare på gamle bygningar i offentleg eige.

av regionen, og som kanskje kan danne et mønster for anna kulturformidling i ein region som er så samansett som Ryfylke-regionen er.

Ein kan få til eit museum som bygger vidare på den desentraliserte strukturen som dei eksisterande samlingane har, og som både er naturleg for ein slik region og riktig som museumspedagogisk prinsipp.

Og ein kan få til eit museum som samtidig har den styrken som er nødvendig for å utvikle nødvendig kompetanse, også for å takle dei nye utfordringane musea vil møte i ei tid da kultursektoren omsider er i ferd med å bli ein integrert del av planleggings- og avgjerdsprossesane i samfunnet.

BYGNINGSVERNET

Mot denne lyse framtidsvisjonen står dei alvorlege problema vi har med å ta vare på bygningane våre. Vi har eit stort etterslep av vedlikehaldsoppgåver,

og har opplevd at to hus i eiga til museet har ramla ned dei siste åra.

Dette kan ikkje halde fram, og vi har ikkje tid til å vente på resultata av ei eventuell nyorganisering av museumsstellet i regionen. Styret har derfor tatt initiativ til å få i stand avtalar om straksloysingar med dei kommunane museet har bygningar i, og har i tida desember 1987 – januar 1988 utarbeidd ein tilstandsrapport og eit forslag til ei delvis løysing på vedlikehaldsproblema, som er oversendt desse kommunane og fylkeskultursjefen.

Ein håpar at det på denne måten skal vera råd å få finansiert ein handverkarstilling i 3 år. Men det er

ikkje nok, og det svært vanskelege spørsmålet styret må arbeide vidare med er dette: Er det råd å løyse ut midlar til enda ein handverkarstilling, eller må ein vurdere sanering av ein del av bygningssamlinga.

Nå er ikkje sanering av bygningssamlingar ved museer noe heilt nytt. I Sverige blir det drøfta seriøst, og i vårt fylke har fylkeskonservatoren orda frampå om det same. Ved Ryfylkemuseet kan ein ikkje unngår den diskusjonen, da det som vil skade både museet sjølv og museumsstellet generelt mest er at publikum vil finne stadig fleire av dei bygningsane museet eig i sterkt forfall.

BØKER OG HEFTE FRÅ RYFYLKEMUSEET

Lars Hellemo: Frå Torvskrud til tingal

(1985)

kr 78,-

Roy Høibo: Då besta va' ung (1982)

kr 25,-

Roy Høibo: Folk og hus i Suldal (1984)

utseld

Roy Høibo: Blant silkebus og bønder
(1987)

kr 78,-

Roy Høibo: Ulla-Førre (1987)

kr 188,-

Roy Høibo og Njål Tjeltveit:
Hjelmeland – bilet frå farne år

kr 248,-

Frå bygd og by i Rogaland, årbok for
Rogaland Folkemuseum

Enkelte årganger 1950–1975
1976–1979

kr 10,-

kr 20,-

Folk i Ryfylke, tidsskrift for
Ryfylkemuseet 1984–1987

kr 45,-



Bøkene kan tingast frå Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 79 73 77, eller kjøpast i ekspedisjonen på sjøhuset på Sand, der vi også har annan lokalhistorisk litteratur for sal.

Ryfylkemuseet takkar følgjande firma
for støtte til drifta av museet:



Tor Underbakke

Sport-Båt-Motor-Bensinautomat
SAND. TLF. 97 486



ALT I KOLONIAL

SULDAL INSTALLASJON

SAND

TELEFON 97 319



**Meling Bygg &
Jernvare a/s**

JERN-BYGGEVAREFORRETNING

Spesial listverk-panel på bestilling

Kaldheim & Sønn

UR - OPTIKK

Telefon 97 660 - 4230 SAND

Hjelmeland Sparebank

14130 HJELMELAND

TELEFON 04 - 44 04 17

DnC

Suldal

LOKALBANKEN MED
STORBANKENS FORDELER



EIN SERVICEBANK


FOR HEILE DISTRIKTET

BUSTAD herreelkvipering a s

TLF. 97 148
SAND

A.s Sands Laksefiske

SAND/STAVANGER



ALT I
LANDBRUK
OG
SKOGBRUK

Møgedal mek. verksted

SAND - TLF. 97 112



VERN VERNEVERDIGE VERDIER
VERNOLIN -
linoljemaling med sinkhvit

SAUDA INTERIØR TLF. 93 044



SAUDA SΜELTEVERK A/S

Singel og Grus A.s

ÅRDAL

Hovedkontor: SANDNES - Tlf. 04 - 57 52 77

En sikker
medspiller



SAUDA - TELEFON 92 411



DREYER BOK

STAVANGER

TELEFON 04 - 52 05 72

LOKALLITTERATUR FOR HELE LANDET

For Sundhet og velvære -
spis klikavring fra

SAUDA BAKERI

TLF. 92 167 - SAUDA



møbelfabrikk Hjelmeland
Tlf. (04) 44 03 00

møbelforretning Stavanger
Løkkeveien 40
Tlf. (04) 52 36 83 - 52 12 46

JÆRSTOLER

Hetlelid Møbelverkstad
Hjelmeland
Tlf. (04) 44 15 46

Bilete frå farne år

Gamle foto fortel frå farne år på ein annan måte enn ord. Denne boka inneheld mange eldre biletar frå Hjelmeland. Hjelmeland kulturstyre og Ryfylkemuseet gjennomførte for eit par år sidan ei fotoinnsamling der ei mengd gamle biletar blei registrerte og avfotograferte. Boka presenterer ein del av biletene frå fotodugnaden i Hjelmeland. Dei ulike kapitla fortel om kven som fotograferte i eldre tid og kva det mest blei tatt biletet av. Vidare finst det biletet frå hus og heim, arbeidsliv og kvardagsstrev, og frå høgtid og fritid. Eit kapittel presenterer biletene med tilknytning til samferdsle på sjø og land.

Eit av dei eldste biletene vi har frå Hjelmeland er dette som truleg er tatt i slutten av 1860-åra. Det er eit familieportrett av Svend og Anna Sigmundstad og barna deira.



DREYER BOK

ISBN 82-7096-192-2

